



Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 17.januar 2019

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjestova, kl. 18.00 til kl. 19.00

Til stades: Simen Elias Nordbrønn Myklebust, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Bjørg Djupvik Grebstad, Torbjørn Støylen, Liv Hole og Monica Breivik Orre,

Janne Svindseth og Knut Henning Aursnes hadde meldt forfall.

Sak 01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjent.

Sak 02/19 Godkjenning referat frå møte i Sykkylven sokneråd 05.12.2018

Vedtak: Møtereferatet vart korrigert og deretter einstemmig godkjent.

Sak 03/19 Årsmøte 2019 og Årsmelding 2018

Utkast til Årsmelding 2018 vart lagt fram. Det kom nokre kommentarer som vart teken inn i Årsmelding 2018. Nytt utkast vert lagt fram på møte 19.02. Det kom fram ynskje om at Årsmøtet for soknet vert lagt til same dato som Medarbeidarfesten. Det vart sett fram ynskje om 14.mars for denne samlinga. Simen Myklebust tek dette med seg tilbake til staben om sjekker om datoen passer. Vi kjem tilbake til dette på neste soknerådsmøte.

Sak 04/19 Valførebuing

Soknerådet er valstyre. Soknerådet ynskte ei eiga nominasjonsnemnd til valet. Denne nemnda må vere på plass innan 1.mars.

Vedtak: Soknerådet vil spørje fylgjande til å vere med i nominasjonsnemnda: Per Bjørnar Tynes, Olav Martin Lid, Marit Akslen, Ole Petter Solnørdal og Astrid Breivik. Nemnda skal ha 3 medlemmar.

Referent: Torbjørn Støylen